



## PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I HAREID IDRETTSLAG

**DAG:** Onsdag 20.mars 2024

**TID:** 18.00- 21.30

**STAD:** Klubbhuset til HIL

**Oppmøte:** Til saman 50 medlemmar med stemmerett, to utan stemmerett, samt revisor Einar Løkken frå BDO og ein representant frå Vikebladet.

Årsmøtet blei opna ved at vi minnst Knut Helge Hovden med eitt minutts stillheit. Vidare blei Borghild Oline Holstad tildelt ungdomsprisen for 2023. Ho fekk utdelt blomar og ein sjekk på 5000 kr.

**Sak 1. Godkjenne dei som har røysterett:**  
50 røysteføre ved start av årsmøte

**Sak 2. Val av dirigent:**

*Vedtak: Olav Sindre Rise blei samrøystes valgt*

**Sak 3. Val av protokollfører:**

*Vedtak: Vivian Johansen blei samrøystes valgt*

**Sak 4. Val av to medlemmar som skal skrive under protokollen**

*Vedtak: Elisabet Grimstad Kirkebø og Odd Elvanes blei samrøystes valgt*

**Sak 5. Godkjenne innkallinga**

*Vedtak: Innkallinga blei godkjent*

**Sak 6. Godkjenne saklista**

*Vedtak: Saklista blei godkjent*

**Sak 7. Handsame årsmeldinga frå idrettslaget**

Det vert vist til utsendt årsmelding.



Leiar i hovedstyret gav ei kort orientering om avsnittet i årsmeldinga som omhandla den pressa økonomiske situasjonen som blei avdekka sommaren 2023. Ordlyden i årsmeldinga kunne bli forstått som at tidlegare dagleg leiar ikkje hadde vore merksam på situasjonen. Dette var ikkje ei tilsikta formulering frå hovudstyret, og styreleiar beklaga dette.

*Vedtak: Årsmeldinga blei godkjent.*

### **Sak 8. Handsame rekneskapen til idrettslaget**

- a. Økonomisk melding frå styret, melding frå kontrollutvalet og melding frå revisor.

*Vedtak: Meldingane blei tekne til vitande.*

- b. Orientering om økonomien i Hovedlaget  
Høge rentekostnadar, auka kostnadstrykk og krevjande sponsormarknad.  
Spørsmål frå salen kring sponsorarbeidet som vert gjort frå hovudlaget.  
Viser til innmeldt sak frå fotballgruppa, og utsett diskusjonen til seinare i møtet.

*Vedtak: Orienteringa blei teken til vitande.*

- c. Orientering om økonomien i Basishallen  
Styreleiar la fram tal og prognosar for nedbetaling av Basishallen.

*Vedtak: Orienteringa blei teken til vitande.*

### **Sak 9. Gruppene sine årsmeldingar og rekneskap**

#### **Årsmelding og rekneskap frå friidrettsgrupp vert lagt fram.**

##### **Forslag til nytt styre i friidrettsgruppa:**

Styremedlem:	Kristin Elisabeth Dimmen Alvestad	2 år
Styremedlem:	Malin Flø Husøy	2 år
Styremedlem:	Ingvild Selvåg Larsen	1 år
Styremedlem:	Anna Klara Måseide	1 år
Styremedlem:	Odd Erling N. Eriksen	1 år

Styret har ikkje konstituert seg, og følgeleg er det ikkje avklara kven som er leiar.

*Vedtak: Årsmeldinga og rekneskap er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.*

#### **Årsmelding og rekneskap frå handballgruppa vert lagt fram.**

##### **Forslag til nytt styre i handballgruppa:**

Leiar:	Vivian Johansen	1 år
Nestleiar:	Astrid Ertesvåg	1 år
Styremedlem:	Rune Olsen	1 år
Styremedlem:	Odetta Galdikiene	1 år
Styremedlem:	Heidi-Beate Siring-Grimstad	2 år
Styremedlem:	Melisa Saldic	2 år



*Vedtak: Årsmeldinga og rekneskap er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.*

**Årsmelding og rekneskap frå trimgruppa vert lagt fram.**

**Forslag til nytt styre i trimgruppa:**

Leiar:	Bernhard Harkjerr	1 år
Nestleiar:	Gunn Bente Drevland	1 år
Styremedlem:	Leiv Arne Grimstad	2 år
Styremedlem:	Lisbeth Hareide Longva	1 år
Styremedlem:	Andreas Moldskred	1 år
Styremedlem:	Hildegunn Thommasen	2 år
Vara:	Irene Fjelle	1 år
Vara:	Odd Elvanes	2 år
Valnemnd:	Leif Arne Grimstad	1 år
	Hildegunn Thommasen	2 år

*Vedtak: Årsmeldinga og rekneskap er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.*

**Årsmelding og rekneskap frå turngruppa vert lagt fram.**

**Forslag til nytt styre i turngruppa:**

Leiar:	Berte Holstad Engen	1 år
Nestleiar:	Alice Strømmegjerde	
Styremedlem:	Elisabet Flø	
Styremedlem:	Even Rise	
Styremedlem:	Leif Reidar Nettet	
Styremedlem:	Vibeke Brune Slettebakk	
Styremedlem:	Yvonne Øvrelid Breivik	
Styremedlem:	Eldrid Emdal Fure	
Styremedlem:	Robin Emdal Fure	2 år
Styremedlem:	Frida Systad Digranes	2 år
Styremedlem:	Linn Urke	
Vara:	Marita Håbakk	
Valnemnd:	Åshild Mork	2 år
	Marie H. Grimstad	2 år
	Isabel Y. Reite	1 år

*Vedtak: Årsmeldinga og rekneskap er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.*

**Årsmelding og rekneskap frå badmintongruppa vert lagt fram.**

**Forslag til nytt styre i badmintongruppa:**

Leiar:	Sindre Breivik
Nestleiar:	Tore Liavåg
Styremedlem:	Roger Finvik
Styremedlem:	Andreas Røyset



*Vedtak: Årsmeldinga og rekneskap er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.*

### **Årsmelding og rekneskap frå fotballgruppa vert lagt fram.**

#### **Forslag til nytt styre i fotballgruppa:**

Leiar:	Pravin Selva	1 år
Nestleiar:	Georg Rise Gaasø	1 år
Styremedlem:	Kenneth Nikolaisen	2 år
Styremedlem:	Daniel Teigene	1 år
Styremedlem:	Renate Røyset	2 år
Styremedlem:	Siw Monica Brandal	1 år
Styremedlem:	Sindre Breivik	1 år

Styremedlem:	Odd Magne Brandal	1 år
Styremedlem:	Georg Eikrem Olsen	1 år
Styremedlem:	Ørjan Engen Grimstad	2 år
Styremedlem:	Lena Hansen	2 år
Styremedlem:	Vidar Longva	2 år
Valnemnd:	Vagn Skeide Mork	2 år
	Bård Grimstad	1 år

*Vedtak: Årsmeldinga og rekneskap er godkjente. Nytt styre er samrøystes vedteke.*

### **Sak 10. Handsame forslag og saker**

- a. Fotballgruppa føreslår: *Retningslinjer for sponsoravtalar i HIL vert endra. Gruppene kan sjølve syte for eigne sponsorar.*

Det blei debattert i salen. Fotballgruppa opplever ikkje å få nok overføringar frå hovedkassa, og meiner det blir gjort eit for dårleg arbeid i hovedlaget med å få på plass gode sponsoravtalar. Dei ynskjer å få hente inn eigne sponsorar som berre skal gjelde for fotballgruppa. Medlemmar frå både friidrett og turngruppa tok ordet og fortalte at dei hadde fått henta inn sponsorar for sine grupper, men etter avtale med hovedlaget. Dei såg difor ikkje dette som noka utfordring. I salen var det også fleire som tok til ordet for å halde på dagens ordning, då dei opplever den som samlande for idrettslaget.

Det blei stemt over forslaget til fotballgruppa. Ved avstemming var det 40 røysteføre i salen.

*Forslaget falt med 35 mot 5 stemmer.*

OSR la fram ei oppmoding om at det komande hovedstyret skulle få etablert ei sponsorgruppe straks det nye styret har fått konstituere seg. I sponsorgruppa skal der vere representantar frå alle dei fire gruppene.

Dette forslaget var det brei semje om i salen.

- b. Hovudstyret føreslår: *Endring i lova om vararepresentantar til styret.*



OSR la fram forslag om at nestleiar i kvar av gruppene er vararepresentantar for sine leiarar i hovestyret. Dette for å sikre at gruppene er deltakande på alle møta i hovestyret.

*Vedtak: samrøystes*

**Sak 11. Fastsette medlemskontingent, og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsetje treningsavgifter.**

*Forslag om å auke medlemsavgifta frå 350kr til 400kr for enkeltmedlem, og frå 700 kr til 800 kr for familie.*

*Vedtak: samrøystes*

*Forslag om å la styret i kvar av gruppene fastslå treningsavgift for sine medlemmar.*

*Vedtak: samrøystes*

**Sak 12. Vedta budsjett til idrettslaget, herunder gruppene**

Gjennomgang av budsjett for hovedlaget og for dei enkelte gruppene.

*Vedtak: Budsjett for 2024 blei samrøystes godkjent.*

**Sak 13. Handsame organisasjonsplanen til idrettslaget**

OSR informerte om at vi må endre namn frå rekneskapskontoret Driv til Sparebank 1 i organisasjonsplanen til idrettslaget.

*Vedtak: Revisjon av organisasjonsplanen blei godkjent.*

OSR informerte vidare om at ein vil måtte gjennomføre ein lovrevisjon der det nye vedtaket om at nestleiar er vara for leiarane i hovestyret, vert sett inn.

*Vedtak: Lovrevisjon blei godkjent.*

**Sak 14. Val av:**

**a. Styre med leiar, nestleiar, 3-6 styremedlemmar og 2 varamedlemmar**  
Framlegg frå valnemnda:

Leiar:	Audun Ulstein	1 år
Nestleiar:	Cecilie Bjørlykke	ikkje på val
Styremedlem:	Odd Arve Riise	2 år
Styremedlem:	Stian Runne Brandal	2 år

Grupperepresentantar:



Styremedlem fotball:	Pravin Selva
Styremedlem turn:	Berte Holstad Engen
Styremedlem handball:	Vivian Johansen
Vara 1:	Odd Erling Eriksen (friidrett)
Vara 2:	Gunn Bente Drevland (Trim)

Dei tre nye kandidatane til hovedstyret er pr. i dag ikkje medlemmar av idrettslaget. Dette gjer at vi ikkje kan gjennomføre val av nytt hovedstyret før om fire veker. Val av nye kandidatar til hovedstyret vert difor utsett til 21.april.

**b. Kontrollutvalet med to medlemmar og mist 1 vara**

Framlegg frå hovedlaget (i samråd med valnemnda):

Gunnar Aursnes	2 år
Harald Møller	2 år

*Vedtak: samrøystes*

**c. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantar**

Framlegg frå hovedlaget (i samråd med valnemnda):

Audun Ulstein (når val er gjort) og Cecilie Bjørlykke

*Vedtak: samrøystes*

**d. Valnemnd med leiar, to medlemmar og ein vara - ikkje på val i år:**

Leiar:	Per Johan Rise	1 år
Medlem:	Josh Christian Riise	1 år
Medlem:	Wenche Jøsok	1 år.

**e. Eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget.**

Framlegg frå hovedlaget (i samråd med valnemnda):

Heidersmerkenemnda:

Eva Lande Rise tek attval som leiar	2 år
Leiv Arne Grimstad tek attval som styremedlem	2 år
Vidar Vollsæter tek attval som medlem	2 år

*Vedtak: samrøystes*

**Sak 15. Engasjere revisor til å revidere rekneskapen til idrettslaget.**

Hovedstyret sitt framlegg til revisor:

BDO held fram som revisor for idrettslaget i 2024



*Vedtak: samrøystes*

**Avslutning:** trufaste bidragsytarar i ulike roller for idrettslaget fekk heider og ære:

10 års merke: Vagn Skeide Mork - for sin innsats for fotballen  
Odd Elvanes - for sin innsats for friidretten  
Elisabet Grimstad Kirkebø - for sin innsats for friidretten  
Arill Larsen - for sin innsats for friidretten  
Jeanette Teigene - for sin innsats for handballen og i  
hovedstyret  
Jan Endre Rise - for sin innsats for friidretten

10 års merke + vimpel: Linn Urke for sin innsats for turnen  
Cecilie Bjørlykke for sin innsats for fotballen og i hovedstyret

Vidare blei Harald Møller, Jeanett Teigene og Olav Sindre Rise takka av for sin innsats i hovedstyret, med blomar og gode ord.

**Førar av protokoll:**

  
Vivian Johansen

**Rett protokoll:**

  
Elisabet Grimstad Kirkebø

  
Odd Elvanes